



Hege Bøe  
Hellandsvegen 102  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/299 - 14/10701

Saksbehandlar:  
Helge Vallestad  
helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:  
01.10.2014

## Gjeld søknad om gratis skuleskyss

Viser til søknaden Dykkar om at Håvard Bøe Pedersen, f. 20.04.04, Fride Bøe Pedersen, f. 17.07.05, og Maren Bøe Pedersen, f. 11.11.07, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg.

Hovudutval for oppvekst og omsorg handsama i sak 09/00 spørsmålet om rett til fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og slutta seg til innstillinga frå ei nemnd som hadde vurdert skulevegane i dei ulike krinsane i lys av opplæringslova § 7. Tilrådinga vart seinare vedteken av kommunestyret. Nemnda si vurdering var at den omtalte vegstrekninga ikkje var særleg farleg. I forkant av denne avgjerda hadde fylkesmannen avvist ein klage frå føresette på Tveiten i sak om fri skuleskyss.

I år har fylkesmannen gjeve ein elev frå Dalland rett til fri skyss grunna særleg farleg skuleveg. Rådmannen oppfatta at eit vesentleg moment i avgjerda var eleven sin alder (f. 2007). Av omsyn til lik handsaming innvilga såleis rådmannen fri skuleskyss for ein annan elev, f. 2006. Rådmannen si avgjersle grunnar seg på at barn si trafikkforståing utviklar seg med alder. Radøy kommune vil såleis i framtida gje sju og åtteåringar fri skyss grunna særleg farleg skuleveg på strekket Dalland/Tveiten – Manger skule.

Desse vurderingane til følgjande **Vedtak**:

Maren Bøe Pedersen, f. 11.11.07, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg, skuleåret 2014/15 og 2015/16.

Søknaden om at Håvard Bøe Pedersen, f. 20.04.04, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule grunna særleg farleg skuleveg, vert ikkje innvilga.

Søknaden om at Fride Bøe Pedersen, f. 17.07.05, får fri skyss frå heimen på Tveiten til Manger skule grunna særleg farleg skuleveg, vert ikkje innvilga.

Ankerett:

Enkeltvedtak om skuleskyss kan pålagast til Fylkesmannen (Opplæringslova, §15.2).

Eventuell klage må sendast Radøy kommune v/ Rådgevar skule og oppvekst Helge Vallestad innan 3 veker frå De får dette brevet. (Fristen er i samsvar med Forvaltningslova. § 29)

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke  
kommunalsjef oppvekst

Helge Vallestad  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Inger Morken Ellingsen

**Mottakarar:**

Hege Bøe

Hellandsvegen 102 5936

MANGER